



Notat

Dato: 25.08.2015
Arkivsak: 2015/6831-6
Saksbehandlar: josaksd

Til: Liv Sundheim

Frå: Jostein Aksdal

Kulturminnefaglege merknader til kommunedelplan for Rv13 Jøsandal - Odda sør

Fylkeskonservatoren viser til kommunedelplanen og konsekvensutgreiing som har gjeve 6 ulike alternativ til veglinje. Dette femnar om (1) som er 0 - alternativet og 5 nye. Med omsyn til landskap og kulturlandskap får alle alternativa ein verknad. KU definerer i alt 14 kulturmiljø som alle har viktige nasjonale og regionale kulturminne. Den faglege vurderinga som er gjort synest vera i tråd med dei retningsliner som gjeld. Det er likevel viktig å sjå dei kulturhistoriske verdiane i ein større samanheng slik at til dømes bygningsmiljø som ikkje er freda likevel kan vurderast som viktige ut i frå opplevingsverdi og lokal identitet.

Fylkeskonservatoren ser at det er lagt til grunn eit godt og grundig arbeid med kulturminne i planområdet. Sjølv om planane er i ei overordna form får me ei god innføring gjennom kulturminnerapporten i dei ulike problemstillingane knytt til nasjonale og regionale kulturminneverdiar.

Sjølv om traseane er grovmaske viser KU til at tre av alternativa (alternativ 3, 4 og 5) alt synest vera i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Dette er då spor etter dei gamle vegane i området, deler av desse ligg i eit kulturlandskap der heilskapen er viktig å ta vare på. Alternativ 1,2 og 5 går i eit områd med kjente funn og er gitt eit stort potensial for nye funn.

Kulturmiljø	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3	Alt. 4	Alt. 5	Alt. 6
KM 1 - Sandvin	-/--	-/--	-	-	-/--	-
KM 2 - Hildal	+	+	-	-	+	-
KM 3 - Grønsdal	0/+	0/+	0/-	0/-	0/+	0/-
KM 4 - Vetrhus	0	0	0	0	0	0
KM 5 - Låtefoss	0/+	0/+	0/+	--/---	0/+	--/---
KM 6 - Espeland		-			--	
KM 7 - Steinaberg						-
KM 8 - Jøsendal	+	+	+	+	+	--
KM 9 - Sødalen	-	-	0/+	0/+	0/+	0/+
KM 10 - Vassvik	0	0				0
KM 11 - Rossaminne, Skare					---	
KM 12 - Solhaug, Skare					0	
KM 13 - Lote, Berge, Tveit					0	
KM 14 - Torekoven			---	---	---	0/+
Samla konsekvensvurdering	-	-/--	-/--	--/---	---	--
Rangering	1	2	2	5	6	4

figur 1 Tabell over rangering Kulturmiljø (KU side 48)

KU oppsummerer med at alternativ 1, 2 og 3 er minst negative for kulturmiljøa i planområdet. Alle alternativa vil kom ei eller anna form for kontakt med kulturminneverdiar, men skal i lita grad verka svært negativt inn på eller øydeleggje kulturmiljø og kulturminne.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at ein ved detaljplanlegging legg opp til å finna dei beste løysingane med omsyn til vegløyisingar slik at vernet av og opplevingsverdien til dei kringliggande kulturminneverdiane vert best mogleg teke vare på.

Jostein